

NAMN:
KLASSE:LÅG MIDDELS HØG HÅNDVERK PROSESS KOMMUNIKASJON KULTUR

Innleiing

Dette er ein **enkel**, men **spennande oppgåve** i kryssingsfeltet mellom **kunst & handverk** og **naturfag**. På **leiting** etter **materiale i naturen til kunstverket**, blir ein merksam på detaljane, fargane og teksturen i naturen. Ein ser variasjonen, og det kan igjen **knytast til biologisk mangfald**.

Arena

Oppgåva kan i prinsippet **gjennomførast kor som helst i naturen**.

Land art kan gjennomførast **i alle årstider**, men det seier seg sjølv at det er fleire fargar om sommaren og om hausten. Om vinteren er det naturleg å ta i bruk snø og is.

Ustyr

Fotoapparat (mobiltelefon eller læringsbrett kan godt nyttast).

Kommentarer og faglege tips

Før de set i gang, kan det vere lurt å la seg inspirere av det som er laga tidlegare. Ved å søke på "land art" får ein opp mange flotte døme. Prøv òg å legge til ord som "children", "forest" eller "autumn".

Gjennomføring


Oppgava krev ingen spesielle førebuingar, men det er lettare å byrje dersom ein har **noko å forhalde seg til**, til dømes **fargar**, spesielle **mønster** eller **etterlikningar av kjente måleri**.

Eit slikt kunstverk vil vere **til glede for andre** som ferdast ute, og ein treng ikkje "rydde opp" etter seg. Men ein må **vere førebudd** på at naturen sjølv eller andre som ferdast ute, gjer at **verket** snart blir **øydela**. Det er ein del av det å lage stadskunst (Land art). Når de er ferdige, må de derfor **ta eit fotografi**.



INSPIRASJON





BILETE AV EIGE «LAND ART»

Avslutt oppgåva med eit bilde av kunsten du har laga. Egenvurdering blir skriva til slutt: Kva du har lært eller fått vist i denne oppgåva, og dessutan tankar du har om denne typen oppgåve (likte du det, er det nyttig, noko som var vanskeleg/utfordrande....).



EIGENVURDERING

